



Deltakarkommunane

**Vår ref.**  
02/00760-039/JKJ

**Arkivkode**  
P00 &85

**Deres ref.**

**Dato**  
10.09.2004

**Melding om vedtak i Kommunestyret i møte 09.09.2004sak 0054/04.**

**INTERKOMMUNALT HAMNESAMARBEID MELLOM GISKE, HARAM, SULA  
OG ÅLESUND**

**Vedtak:**

På bakgrunn av styringsgruppa si innstilling, referansegruppa sitt samrøystes vedtak og saksframstillinga, gjer Sula kommunestyre følgjande vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek å ta del i det interkommunale hamnesamarbeid Ålesund-regionens havnevesen (ÅRH) med verknad frå 1. januar 2005 og godkjenner det framlagde forslag til vedtekter datert 24.05.04 for samanslutninga.
2. Sula kommunestyre vedtek å opprette hamnedistrikt etter lov om havner og farvann i alle sjøområde i kommunen og samtykker i at disse sjøområde inngår i eit felles hamnedistrikt for ÅRH.
3. Sula kommunestyre sluttar seg til prinsippet om at ÅRH skal ha økonomisk sjølvfinansieringsevne frå oppstart 1. januar 2005.
4. Sula kommunestyre vedtek å dekke dei delar av årlege kapitalutgifter, av den lånegjeld som kommunen tar med inn i samanslutninga, som er større enn det som kan dekkast av nettoinntekter frå hamneavgifter (eks. anløpsavgift) og vederlag i Ålesund kommune.
5. Sula kommunestyre sluttar seg til referansegruppa sitt forslag om å be Ålesund Havn KF å organisere og administrere det praktiske oppfølgingsarbeidet for å gjere ÅRH operativ frå 1. januar 2005.
6. Sula kommunestyre stiller til rådvelde for ÅRH kommunen sitt kaianlegg med tilhøyrande landareal i Urkevika og andre hamner, nærare omtalt i separat oversikt.

Adr.  
Postboks 280  
6039 Langevåg

Telefon:  
Sentralbord 70 19 91 00

Telefaks:  
70 19 91 01

E-post:  
Postmottak@sula.kommune.no

Bankgiro:  
6545 05 10011  
Skattekonto:  
0827 58 15315

Foretaksnr.  
9649 80543


7. Sula kommunestyre vedtek å la ÅRH administrere kommunen sin avtale med Sula fiskerilag om drift av Urkevika fiskerihamn.
8. Sula kommunestyre vedtek å føre over i sin heilskap Sula hamnekaske sine gjelds- og fondspostar pr. 1. januar 2005 til ÅRH's felles hamnekaske.
9. Sula kommunestyre opphever gjeldande kommunale hamnedistrikt i sjø, vedtatt med Kystdirektoratets forskrift av 26.11.1992, nr. 1261, med verknad frå 1. januar 2005.
10. Med verknad frå 1. januar 2005 godkjenner Sula kommunestyre at kommunen sin avtale med Ålesund Havn KF frå 1. januar 2003 om kjøp av administrative hamneteneser hos Ålesund Havn KF, vert oppheva.
11. Etter ÅRH's vedtekter, § 2-1, skal Sula kommunestyre oppnemne **1 medlem** med vararepresentant til Havnerådet for ÅRH. Følgjande personar er oppnemnde:

Medlem: Oddbjørn Øien

Varamedlem: Trygve Holm

*Skulle det vere spørsmål eller uklare punkt knytt til vedtaket, er det berre å kontakte Jan-Kristian Janson, som er saksbehandlar.*

Med helsing

  
Jan-Kristian Janson  
plan- og utviklingssjef

Kopi til: